



Arne Terje Haugland har no teke to laksar på tilsaman 11 kilo på få dagar i Uskedalselva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arne Terje Haugland har teke 17 kilo laks på få dagar i Uskedalselva. Storfiskaren fekk fredag ein rugg på 6,3 kilo og no har han fått ein vaksen laks til – den var på 4,7. I tillegg kjem tre mindre laksar, også kalla terter.

Fisken på 4,7 kilo tok han i Bråtahølen som ligg ovanfor Haugland gamle skule. Med andre ord har dei vaksne laksane ingen vanskar med å gå langt oppover i elva.

Men Arne Terje, som også er oppsynsmann i den etterkvart også gode lakselva, kan ikkje melda om at andre har fått nokre store fangstar dei siste dagane.

- Eg har høyrte om at det ellers er teke berre einskilde mindre fiskar, seier han før han dreg på ferie til Austlandet og blir der ei stund.



Arne Terje Haugland med laksen på 6,3 kilo, no har han også teke ein på 4,7!

Ellers blir miljøet langs Uskedalselva stadig meir internasjonalt prega. Arne Terje møtte her om dagen for første gong ein australiar med fiskestonga - og han var til og med prest!

No om dagen vil han anbefala Uskedalselva på det varmaste. Regnet har i dei siste dagane fått opp vassføringa i denne typiske flomelva og dermed bør det liggja vel til rette for skikkeleg oppgang av fisk og brukbare fangstar.

Eit anna ekstra pluss ved Uskedalselva i år er at vegetasjonen er rydda langs fleire av dei gode fiskestrekningane.

Og med omsyn til parkeringsplassar, er det til dømes fint å parkera der vegen opp mot kalkingsanlegget startar (ved brua).

Av Ola Matti Mathisen